



Kvinnherad Turlag
Bogsnes 61
5460 Husnes
tlf. 951 96 467

Husnes, 16.10.2014

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Fråsegn til:

**Søknad om konsesjon til overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på
Pyttafloene til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune**

Berekingar viser at bortføring av Vatn 1062 vil fjerna 26 % av vassføringa i ein foss ned mot Øyresdalen, og bortføring av Vatn 1112 vil fjerna 59 % av vassføringa i Såfossen ned mot Austrepollen.

Såfossen:

Begge dei nemnde fossane er kjende landemerke, den eine i Øyresdalen og den andre i Hardingaskaret ved Austrepollen. Såfossen er kanskje den mest særmerkte av dei to, og sjølv om fossen har lite vatn i særleg tørre periodar, vil ein reduksjon på bortimot 60% utgjera ein svært merkbar reduksjon.

Stien i Hardingaskaret, som er ein gamal stølsveg, går under fossen, og drevet frå han har til alle tider vore ei forfriskande oppleving for dei som ferdast her.

Hardingaskaret er ein viktig del av den eldgamle ferdselsvegen mellom Mauranger og dei indre bygdene i Hardanger gjennom skaret – og lenger aust: Kvitnadalen. På 1800-talet då turistferdsla over Folgefonna kom i gang, var denne gamle

buførevegen opp Hardingaskaret den første vegen til breen for turistane. (Seinare tok ridestien om Mysevatnet over som viktigaste rute frå Austrepollen.)

Det er inngrep i eit kjent og viktig landemerke dersom Såfossen vert berørt av kraftutbygging, både for turistar og fastbuande. Namnet på fossen tyder truleg at han gjev varsel om at det er tid for å få såkornet i jorda når vassføringa aukar om våren. Etter eit eventuelt inngrep kan det verta eit heller ynkeleg så-varsel.

Turistruta Markjelke – Holmaskjer:

Sperredammane og steindeponia ved T-ruta Markjelke - Holmaskjerhytta er særskild uheldige. Desse vil koma til å liggja i eit uberørt område, og ved det eine vatnet kryssar T-stien rett over det påtenkte inngrepet.

Etter vårt syn representerer overføringa av dei to vatna på Pyttafloene eit skjemmande tiltak som ikkje kan forsvarast, ikkje minst på bakgrunn av kor lite elektrisk kraft som kjem ut av utbygginga. Området framstår per i dag som uberørt, men er omkransa av dammar og meir eller mindre tørrlagde vassføre.

Dette området må sparast for ei vidare bit-for-bit-utbygging.

Området langs ruta Markjelke – Holmaskjer, ein kjend og mykje nytta ferdselsveg sommar som vinter, bør også i framtida framstå som attraktivt og uberørt.

Konklusjon: På bakgrunn av dei ovannemnde ulempene for vassføringa nedstraums dei to vatna – og inngrepa langs T-ruta ved vatna - går styret i Kvinnherad turlag mot utbygging.

Med helsing

For Styret I Kvinnherad Turlag

Anne Kari Enes, styreleiar